



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
096/19	Sektorutval for tekniske saker	15.11.2019
176/19	Formannskapet	27.11.2019
173/19	Kommunestyret	19.12.2019

## Ny forskrift om feie og tilsynsgebyr

### Bakgrunn for saka:

I samband med gjennomgang av gebyr i kommunen, må kommunen manglar ha forskrift for feie og tilsynsgebyr.

### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver. ( brann og eksplosjonsvernlova ) § 28. Gebyr..

Forskrift om brannførebygging som trådde i kraft 1 januar 2016.

### Ikkje vedlagt sakstilfang:

### Vedlegg i saka:

Forskrift om feie- og tilsynsgebyr, Stryn kommune, Vestland fylke 1437297

### Saksopplysningar:

Kommune har, med heimel i lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver ( brann og eksplosjonsvernlova ) høve til å krevje inn feie - og tilsynsgebyr. Rammene for kommunen sine feie- og tilsynsgebyr skal fastsettast i lokal communal forskrift.

Forskrift om brannførebygging fastset dei overordna rammene for feiring og tilsyn i bustadhús. Denne trådde i kraft 1 januar 2016. Forskrifta erstattar tidlegare sentral forskrift om brannførebyggande

tiltak og tilsyn frå 2002.

Den nye sentrale forskrifta inneber at feiing og tilsyn av fyringsanlegg som nyttast til oppvarming av byggverk skal gjennomførast etter behov. Byggverk omfattar også fritidsbustadar. Tidlegare var det eigar av fritidsbustad som var ansvarleg for at nødvendig feiing og tilsyn ble utført. Frå 2016 er dette kommunen sitt ansvar.

Feie- og tilsynsgebyr skal følgje sjølvkostprinsippet. Det inneber at kommunen sine kostnader med å bringe fram tenestene skal dekkjast inn gjennom dei gebyra som abonnentane betaler. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene. Over- eller underskot i det enkelte år skal alt etter som setjast av til eller bli trekt frå bundne driftsfond. Overskot som blir sett av frå det enkelte år tilbakeførast til abonnentane i form av lågare årsgebyr i løpet av ein femårsperiode. Tilsvarande vil underskot som kan framførast dekkjast inn over årsgebyret i løpet av ein femårsperiode. Feie- og tilsynsgebyra skal ikkje bli brukt til å finansiere andre delar av forvaltninga i kommunen.

Stryn kommune manglar i dag ei lokal forskrift for feiing og tilsyn av fyringsanlegg

I framlegg til ny forskrift blir det foreslått at eigar av byggverk med eit eller fleire fyringsanlegg skal betale eit årleg gebyr for feie- og tilsynstenesta, uavhengig av om fyringsanlegg er i regelmessig bruk eller ikkje. For å få fritak frå gebyrplikt må det være fysisk skilje mellom eldstad og røykkanal (skorstein) eller at pipeløpet er plombert/lukka på toppen slik at bruk ikkje lengre er mogeleg.

Det er kommunestyret som årleg vedtek gebyra og satsane kjem fram av gebyrregulativet. Eit årleg gebyr og ikkje gebyr per faktisk utført feiing/tilsyn, sikrar ei pårekneleg årleg inntekt til kommunen og som er mindre følsam for gebyrsvingingar som følgje av varierande sjølvkostresultat.

Gebyret vert fastset etter kor mange røykkanalar som er tilknytt kvar enkelt byggverk og frekvensen av feiing og tilsyn gitt ei risikovurdering. Gebyret skal dekkje kommunen sine utgifter til både feiing og tilsyn av fyringsanlegg.

Det vil kunne kome til eingongskostnadars knytt til risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) når kommunane no også er ansvarleg for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i fritidsbustadar. Tidlegare måtte eigarar av fritidsbustadar sjølv tinge feiing eller tilsyn. Forskrifta opnar opp for at kommunen har moglegheit til å differensiere gebyret for fritidsbustader.

Dersom ein eigar ikkje er til stades, eller forholda ikkje er lagt til rette for forsvarleg feiing, så medfører det at feiaren må tilbake til vedkommande eigedom. Forskrifta legg opp til moglegheita for å krevje gebyr for bomturar, eller dersom forholda ikkje er lagt til rette for tilkomst til fyringsanlegget. Dette vert gjort for å redusere omfanget av bomturar.

Feiing/tilsyn skal varslast i god tid, og det er høve for eigar å be om utsetjing. Det er i forskrifta bestemt at varsel om feiing/tilsyn og fristen for å melde om utsetjing av feiing eller tilsyn blir fastsett i gebyrregulativet. Dette gjer det enkelt å regulere fristen dersom det er behov for dette.

#### Vurdering:

Framlegg til ny lokal feie- og tilsynsforskrift er utarbeidd av avd for for brann / feiing/ redning i Stryn kommune. Envidan Momentum AS har vore sparringspartner.

Målsetjinga med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er rettferdig, tydeleg og fleksibel.  
Rettferdig: Gebyra skal synleggjere dei ulike brukargruppene sitt kostnadsnivå på best mogleg måte.  
Tydeleg: Forskrifta skal vere lett å lese og handheve med klart og forståeleg språk utan uklare eller

vanskelege formuleringar.

**Fleksibel:** Forskrifta viser til årlege kommunestyrevedtak for storleiken på gebyra, fristar for varsling og eventuell differensiering av gebyr.

Forskrifta vart lagt ut på høyring 01.07.2019 på kommunen sin heimeside, kommunen si facebookside og med annonse i avisas Fjordingen. Det vart oppmoda om innspel til [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no) før forskriften blir politisk behandla, med høyringsfrist 05.10.2019. Det er ikkje registrerte nokon inspel.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen tilrår at Ny forskrift om feie og tilsynsgebyr blir vedteken, og er gjeldande frå 01.01.2020

**Sektorutval for tekniske saker 15.11.2019:**

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

**TS- 096/19 Vedtak:**

Rådmannen tilrår at Ny forskrift om feie og tilsynsgebyr blir vedteken, og er gjeldande frå 01.01.2020

**Formannskapet 27.11.2019:**

**Handsaming:**

Sektorutvalet for tekniske saker sitt framlegg samrøystes tilrådd.

**FO- 176/19 Vedtak:**

Rådmannen tilrår at Ny forskrift om feie og tilsynsgebyr blir vedteken, og er gjeldande frå 01.01.2020

**Kommunestyret 19.12.2019:**

**Handsaming:**

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

**KS- 173/19 Vedtak:**

Rådmannen tilrår at Ny forskrift om feie og tilsynsgebyr blir vedteken, og er gjeldande frå 01.01.2020